



KVA SKJER I BYGLAND?

Juni 2022

(med atterhald om endringar)

**Skulen har sommarferie
23.06.-17.08.**

GOD FERIE! 😊

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 01.06.	Evje og Bygland legesenter	08.30	Oppstart legesamarbeide Evje og Bygland. Tlf. 37 40 79 00
sundag 05.06.	Bjorens venner, brygga på Byglandsfjord	12.00	Bjoren tek første open tur for sesongen. Sjå meir: bjoren.no
	Årdal kyrkje, Grendi	14.00	Konfirmasjonsgudsteneste
torsdag 09.06.	Næringslivet i Bygland, Stoga kafé	18.00	Stifting av eit næringslag i Bygland (sjå s. 18)
fredag 10.06.	Gangardans i Bygland, Bygland kulturscene	19.00	Gangardans
sundag 12. 06.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	Film: Smokey and the bandit (1977). Ålder: 9 år
måndag 13.06.	9. kl., heile kommune	17-21	Flaskeinnsamling
onsdag 15.06.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	N.N.
		19.30	Film: Top Gun – Maverick (12 år)
torsdag 16.06	Bygland skule, Byglandsheimen	10.00	Markering av Folkemusikkdagen
fredag 17.06.	Bygl. Ungdomsklubb, Årdalshallen	18-21	Fredagsklubb i Årdalshallen, 5-7 klasse
laurdag 18.06.	Open hall, Bygland	14-17	Open hall i Byglandshallen
	Bygl. Ungdomsklubb, Årdalshallen	19-23	Laurdagsklubb i Byglandshallen 8. Klasse - VGS
sundag 19.06.	Bygland & Årdal sokn	12.00	Friluftsgudsteneste på Tveitå
tysdag 21.06.	Tour of Norway Kids 2022, Bygland sentrum	18.00	Sykelritt Tour of Norway Kids 2022

- **Bygland frivilligsentral og Bygland ungdomsklubb:** sjå s. 13
- **Konsert, idrett og ymse arrangement:** sjå s. 17-19

20 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**



Byglandsnytt nr.34 – juni 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. juli 2022 - Send tips om arrangement til innan 28.06. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 -måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00 - 15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00 – 14.00

Legeskontoret tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Evje legekantor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
tysdag	Stengt	08.00 – 15.00
onsdag	Stengt	08.00 – 15.00
torsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
fredag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00

OBS! Evje og Bygland legesenter har felles telefonnummer.

Det betyr at Bygland legekantor har fått nytt nummer.

BYGLAND LEGEKONTOR: 37 40 79 00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

1 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 07.06. kl. 12.00
- **Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel:** 07.06. kl. 12.00
- **Formannskapet:** 09.06. kl. 13.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 13.06. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 13.06. kl. 15.30
- **Kommunestyret:** 15.06. kl. 16.15
- **Levekårsutvalet:** 27.06. kl. 18.30

Kunngjeringar

Ingen kunngjeringar for tida.

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Vassmiljørådgevar (Vassområdekoordinator) for Otra vassområde

Bygland Kommune, f.t Drift- og naturforvaltning.
Søknadsfrist: **13.06.22**, *Webcruiter-ID: 4511592604*



Arbeidsoppgåver

Stillinga skal koordinere vassforvaltningsarbeidet i Otra vassområde og vere vassfagleg ressurs for både sektormynde, kommunane og brukarinteresser knytt til vassområde. Stillinga kan hjelpe til at fastsette miljømål for vassførekomstane i vassområdet blir oppnådd i samsvar med vassføresegna, vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram. Meir konkret nemner vi:

- Koordinerings - og prosessansvarleg for å sikre heilskapleg vassforvaltning
- Føre til at vassdragsverdiar og godt vassmiljø blir ivaretekne/retta opp igjen
- Føre til ivaretaking av vassmiljø og overvassbehandling i plan - og byggesaker.
- Vere pådrivar for gjennomføring av planlagde tiltak i vassområdet
- Leggje til rette for god medverknad for lokale brukarinteresser (fiske, friluftsliv, næring m v)
- Samordne prosessar mellom vassområde og vassregion
- Ta del i revisjon av forvaltningsplan, tiltaks - og overvåkingsprogram.
- Utvikle og følgje opp aktuelle fellesprosjekt i vassområde.
- Ta del i aktuelle nettverksforum lokalt, regionalt og nasjonalt.

Bygland IL: Klatring for elevar 1-10.klasse

Benny Upstad (bilete) er instruktør. Klatringa foregår i bolta klatreløyper mellom Hanehaug og Kvålsnapen. Oppmøte: Hanehaug, følgj oppover merka sti på andre siden av R9.

- 1.-2.klasse - kl. 16.30-17.00
- 3.-4. klasse - kl. 17.00-17.45
- 5.-7. klasse - kl. 18.00- 18.30
- 8.-10. klasse - kl. 18.45- 19.30



Bygland IL

Bygland Bygdekvinnelag: Fånefjellmarsjen, søndag 26. juni kl. 13.00 - 15.00.

Marsjen startar ved sørsida av Fånefjellet.



Bibliotek på Byglandsfjord: Bokkafé

Bokkafé på biblioteket på Byglandsfjord på **tysdagane kl. 12.00 -14.00.**

Der samtalar vi om likt og ulikt med ein kaffekopp til.



Flaskeinnsamling for 9. klasse sin Polentur

Måndag den 13. juni på ettermiddagen/tidleg kveld samlar 9.klasse på Bygland skule inn flasker til inntekt for klassetur til Polen vår 2023. Dei kjører rundt på innsamling i heile kommunen, frå Langeid i nord til Vassend i sør.

Har du flasker du vil donere, kan du sette dei ut så blir de plukka opp.

9. klasse (2021/22) takkar og så mykje for velvilje, og medverknad til innsamlinga 28. februar og 8. november i fjor.



Bilete: Olav Skeie

Bjoren Brygge, Bygland:

- **Bein og Ronny**, Musikk i kategori Johnny Cash / CC Cowboys, **laurdag 4. juni, kl. 21.00**
- **Bryggas junikviss**, fredag 17. juni kl. 19.00
- **Brygga Blues Festival**, laurdag 25. juni
 - ca kl. 18.30 Trouble Cats (DK)
 - ca kl. 20.30 er det Rita Engedalen & Backbone (NO)
 - Ca kl 22.30 står Miss B & Second Hand Kit (NO 😊)



Plakat: Bjoren Brygge

Kulturskolen i Evje og Hornnes og Bygland: Sommarkonsert 2022

Kulturskolen inviterer elevane ved kulturskolen med familiar til årets sommarkonsert på **Evjemoen kino og scene, onsdag 15. juni kl. 18.00-19.00.**

Elevane som skal delta møter opp 30 minutt før, kl. 17.30.

Generalprøve blir gjennomført mandag 13. juni kl. 18.00-19.00 på Evjemoen kino og scene.

Gangardans på Bygland: fredag 10. juni kl. 19.00

i Bygland Kulturscene. Har du dansa litt gangar før, og har lyst til å pusse støv av gamle kunster? Da er dette noko for deg! - Arrangør: Setesdal Spelemannslag.

Bygland Jeger- og fiskarlag: Leirdueskyting kvar onsdag kl. 18.00 – 20.00 fram til 7. september. Er der ikkje komen folk innan kl 19.00, stengjer vi. *For meir informasjon: facebook.com/byglandjfl*

Bygland Skyttarlag: Skyting på riflebanen ved R9, Bygland, kvar torsdag kl. 18.00. Skyting til storvilt prøve og trening.



Plakat: Kulturskolen i Evje og Hornnes og Bygland



Billete: Marit S. Kvaale



Billete: Bygland Jeger- og fiskarlag



Billete: Bygland Skyttarlag

Kvalifikasjonar

- Du har høgare utdanning på master - eller bachelornivå relatert til vassøkologi / limnologi, miljøforvaltning, naturforvaltning eller andre relaterte fagområde.
- Det er ei føremon
 - med relevant yrkeserfaring innan fagområda og kjennskap til klima - og miljøfag og VA - teknikk.
 - med kjennskap til offentleg forvaltning og politiske prosessar.
 - med erfaring med prosjekt - og prosessarbeid, kommunikasjon.
- Søkjar må beherske norsk muntleg og skriftleg.
- Erfaring med bruk av ulike dataprogram og dataverktøy, samt å kunne arbeide i Excel.

Personlege eigenskapar

- Sjølvstendig, resultatorientert, strukturert, fagleg engasjert og initiativrik
- Du har lett for å sjå utviklingsmoglegheiter og har gjennomføringsevne.
- Gode kommunikasjons - og samarbeidsevner
- Søkjar må ha førarkort kl B og disponere eigen bil

Vi tilbyr

- Varierende og utfordrande arbeidsoppgåver
- Fleksibel arbeidstid
- Godt arbeidsmiljø og gode kontorfasilitetar
- Gode forsikrings - og pensjonsordningar
- Kommunale lønns - og arbeidsvilkår fastsett i lov og avtaleverk
- Frå brutto regulativlønn vert det trekt 2 % medlemskap til KLP
- Bedriftsavtale med Sørlandsparken Tverrfagleg helse
- Evt hjelp til å skaffe eigna bustad

Kontaktinformasjon

Kjell Øyvind Berg,
Tenesteleiar Drift og forvaltning
tlf. 37934756 eller tlf. 91863403

Lærer vikariat 100%, heiltid, engasjement

Bygland Kommune, Byglandsfjord oppvekstsenter
Søknadsfrist: **03.06.2022**, Webcruiter-ID: 4522359761

Byglandsfjord Oppvekstsenter består i dag av barnehage med to avdelingar, SFO og skule med 1.-7. klasse. Barneskolen er fådelt, og har om lag 45 elevar. Lærarane arbeider tett saman i team, med elevane sin trivsel, tryggleik og læring som felles mål. Frå hausten har vi ledig eit 100% vikariat på 5.-7. trinn.

Arbeidsoppgåver

- Kontaktlærafunksjon/ teamleiarfunksjon med undervisning.
- Samarbeid med heimane og andre tilsette ved oppvekstsenteret.
- Pedagogisk utviklingsarbeid innom og på tvers av team.

Kvalifikasjonar

- Relevant utdanning: grunnskulelærer 1.-7.
- Oppdatert kunnskap om- og ferdigheit innan digitale verktøy og læringsmetodar.
- Interesse for tverrfagleg og temabasert tilnærming til læring.
- Kunnskap om- og interesse for barn med særskilte behov.
- Krav om gyldig politiattest, ikkje eldre enn 3 månader ved oppstart.

Personlege eigenskapar

- Engasjert og initiativrik, fleksibel, løysingsorientert, sjølvstendig.
- Evne til å sjå den einskilde elev, både fagleg og sosialt.
- God på klasseleiing og å skape gode relasjonar mellom elevar.
- Skape godt samarbeid mellom skule og heim.
- Vilje til å bidra til delingskultur, felles utvikling og eit godt arbeidsmiljø.

Vi tilbyr

- Varierte og meningsfulle arbeidsoppgåver.
- Høve til å vere tett på den einskilde elev og til å gjere ein stor forskjell.
- Høve til å vere med på spennandere pedagogik utviklingsarbeid.
- Eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.
- Flotte uteområde med kort veg til fjord og fjell.

Kontaktinformasjon

Katharina Skavoll
Konstituert tenesteleiar Byglandsfjord oppvekstsenter
tlf. 90999745 e-post: katharina.skavoll@bygland.kommune.no

Lenkje til stillingsannonser på Webcruiter finn du på Bygland kommune si heimeside. Kun elektroniske søknader.

Helse

Nytt samarbeid skal styrke legetenestene i Evje og Bygland

Onsdag 1. juni startar Evje legesenter og Bygland legekantor opp samarbeid om legetenestene og blir "Evje og Bygland legesenter".

Samarbeidet, som Evje og Hornnes er vertskommune for, skal romme heile legetenesta i dei to kommunane. Her vil vere pasientbehandling, legevakt, kommuneoverlege og tilsynsoppgåver.

Når Maverick får i oppgåve å trene ei ny gruppe unge Top Gun-pilotar for eit spesialoppdrag, så møter han samtidig spøkelse frå fortida. Ein av pilotane er nemleg Bradley Bradshaw (Miles Teller), son av den avdøde venen, Nick "Goose" Bradshaw. Maverick må no konfrontere den djupaste frykta si, samtidig som han førebur seg på eit oppdrag som ingen pilot nokosinne har sett maken til.

Billettpris: 120 kroner

Filmfakta

Regi: Joseph Kosinski. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2020
Skodespelarar: Tom Cruise, Jennifer Connelly, Val Kilmer, Monica Barbaro, Ed Harris. Sjanger: Action. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 10min.
Aldersgrense: 12 år.

Ymse

Stoga: Stifting av eit næringslag i Bygland, torsdag 09.06. kl. 18.00

Invitasjon til stifting av eit næringslag i Bygland

Alle private næringsdrivande registrerert i Brønnøysundregisteret er velkomne.

STOGA torsdag 9. juni kl 18:00

Forslag til vedtekter er lagt ut på Facebook-arr.,
og dei kan evt. sendast interesserte i forkant ved å kontakte
Olav Skeie på 90 15 11 50 eller på epost: olavskeie@online.no

Forslag til styrekandidatar og valkomité kan meldast til dei same kontaktpunkta,
eller fremmast på møtet.

Enkel servering - VEL MØTT!

Med helsing Arbeidsutvalet for initiativet

Beate Simonstad, Ragnhild Sordal, Rune Steen Moen, Runar Granheim, Olav Grenstad, Olav Skeie

Noregs lengste korps:

Konsert Ikkje akkurat KORK – men Korps!

Laurdag 18. juni kl. 18.18 på Bygland kulturscene



Bilete: Neri Haugå

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 34:

Bilete: Framside: Åraksfjorden av Susanne Hegenscheidt.
Innhald (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske, Bygland filmklubb, Bygdekinoen. **Red.notat:** 17. mai av Lina Elwers. **Kva skjer:** S. Hegenscheidt. **Takk til alle fotografar!**

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg.
Byglandsnytt juli 2022 kjem: 01.07., **skrivefrist** 28.06.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland Filmklubb: søndag 12. juni kl. 19.00: Smokey and the Bandit (1977)

Som siste film før sommaren viser Bygland filmklubb denne store klassikaren. I bilmiljø og mellom bilentusiastar kan ein ikkje koma utanom denne filmen. Han er ei oppleving for folk flest!

Vi håpar det vil dukka opp publikum som eig "entusiastbilar" og at vi kan få ei flott utstilling på utsida av kulturscena.

Oppmøte med bil er kl. 18.00 slik at det blir tid til å sjå på bilar og bilprat. 😊
Sal av kioskvarer. Filmstart kl. 19.00
Alder: 9 år. Inngong: kr 50. Gratis inngong for fører avusiast bil

Medlemskap 2022: Born: kr 50. Vaksne: kr. 100.
Medlemskap blir kjøpt i døra.

Bygdekinoen: onsdag 15.06. kl. 17.30 og kl. 19.30


kl. 17.30: Ingen filminformasjon ved redaksjonsslutt

kl. 19.30: Top Gun: Maverick

Omtale

Tom Cruise er endeleg tilbake som den fryktlause jagerpiloten Pete "Maverick" Mitchell i Top Gun!

Etter tretti år i teneste som toppilot i den amerikanske marinen, er han akkurat der han ønskjer å vere. Han har takka nei til ein karriere på bakken med høgare rang, til fordel for å sveve høgt og sprengje grenser som testpilot.



Smokey and the bandit (1977)



Det nye legesenteret består av fastlegar, LiS1-lege (tidlegare kalla turnuslege), bioingeniør, sjukepleiarar, helsesekretærer og kommuneoverlege. Desse vil ha kontor i samme lokal på Evje og Bygland, som i dag.

-I små kommunar må ein samarbeide. Og med dagens utfordringar med å få tak i fastlegar i Noreg, er dette samarbeidet den aller beste måten å sikre eit godt tilbod til innbyggjarane våre. Dette ser eg kun positivt på, seier kommuneoverlege i Evje og Hornnes og Bygland, Åsulv Horverak.

Felles sentralbord

Det blir felles telefonnummer for å komme i kontakt med legesenteret:

37 40 79 00.

Telefonen er open kl. 08.30 - 11.30 og 13.00 - 15.00 alle kvardagar, og blir svart av første tilgjengelege hjelpepersonell, uavhengig av om dette er på Bygland eller Evje.

Ved bestilling av time får pasienten beskjed om tid og stad for oppmøte. Oppmøtestad kan variere ut i frå kvar din fastlege er på jobb ved ledig time.

Avdeling Evje

Avdelinga på Evje vil vere på samme stad som Evje legesenter, og er open alle kvardagar kl. 08.00 - 15.00

Avdeling Bygland

Avdelinga på Bygland vil vere i samme lokale som Bygland legekantor, og har ope måndagar, torsdagar og fredagar kl. 08.00 - 15.00.

Legeskantoret på Byglandsfjord er stengt frå og med 1. juni.

Bestille time/resept via helsenorge.no

Timebestilling og fornying av resept kan ein framleis gjere via helsenorge.no, som før. I vikarstider for din fastlege, kan ein derimot ikkje bruke denne elektroniske løysinga. Då må ein ringe til legesenteret.

Betre rusta ved fråver

Tanken bak samarbeidet er at eit større fagmiljø og fleire tilsette, både legar og hjelpepersonell, skal styrke kommunane sine legetenester og gjere det mindre sårbar ved til dømes sjukdom og anna fråver blant dei tilsette.



F.v.: Kjersti Plathe, tenesteleiar Helse i Bygland kommune, Sigmund Olav Syrtveit, einingsleiar Helse i Evje og Hornnes kommune, Rannveig Roland, kontoransvarleg sjukepleiar for Evje legesenter, Ragnhild R. Drivenes, avdelingsleiar livsmestring i Evje og Hornnes kommune

-Frå statleg side er det og ønskjeleg å unngå små legekantor med kun 1-2 tilsette, fordi ein då kanskje ikkje får den faglege oppdateringa ein skulle ønskje, legg kommuneoverlegen til.

Ei prosjektgruppe med medlemmer frå både kommunane, m.a. med leiarar, fagpersonell, verneombod og tillitsvalt, har over tid arbeidd med i finne ei god løysing på korleis vi kan få ei mest mogleg stabil teneste, i ei tid der heile landet slit med å få tak i fastlegar.

Einingsleiar helse i Evje og Hornnes kommune, Sigmund Olav Syrtveit, seier at fastlegekrisa blir merka i våre kommunar og. Ved å slå saman legetenestene, er målet at vi no blir betre rusta, at dei tilsette kan dele erfaringar og lære av kvarandre og at innbyggjarane får ei betre teneste. Det å ha større legesenter, kan og gjere det lettare å rekruttere yngre legar, avsluttar Syrtveit.

Kontakt

Besøksadresse Evje: Ljosheimvegen 5

Besøksadresse Bygland: Sentrum 18

T: 37 40 79 00

Koronavaksine i Bygland

No kan dei over 80 år som ønskjer det, få ny dose med vaksine.

Drop-in vaksinasjon

Det må vere minst 4 månader sidan dose 3 og du må ikkje hatt koronasjukdom etter den siste dosen med vaksine. Andre som ikkje er fullvaksinerte kan og møte til vaksinerings.

Her kan du møte opp og få vaksinen

Drop-in på nordsida av Byglandsheimen 9. juni mellom kl. 10 og 12

Informasjon frå Folkehelseinstituttet om 2. oppfriskingsdose

Tilbod om 2. oppfriskingsdose til personar 80 år og eldre

Folkehelseinstituttet vurderer at det basert på den kunnskapen vi har i dag og situasjonen i Noreg ikkje er grunnlag for å gi ei generell tilråding om ein 2. oppfriskingsdose (dose 4) til alle eldre. Folkehelseinstituttet har likevel opna opp for at peronar på 80 år og eldre som har fått 3 dosar og ikkje har hatt koronasjukdom etter dette, kan få ein ny oppfriskingsdose (dose 4) om dei ønskjer det. Dosen kan tidlegast bli gitt 4 månader etter siste



sykkelturen-2022-og-loft-frivilligheten-fra-bygland-til-evje . Her finn du alle oppgåvene som vi treng folk til anten det er som sykkelførar, heiagjeng, eller passasjer eller anna.

Om du heller vil bruke telefon eller sms, kan du ta kontakt med dagleg leiar ved Bygland Frivilligsentral, Anne Fauske 945 10 770.

Vi håper på at dette vert eit signal-arrangement der vi set dalen, frivilligheita, dugnadsånd og glede på kartet!

Vil du finne ut meir om etappane, kva som skal skje eller anna kan du kikke her: Norges Frivilligsentraler, sykkelturen2022.no



Tour of Norway Kids - tysdag 21.06. kl. 18.00

I Bygland sentrum



Tømekalender for Bygland kommune – juni 2022

- **Matavfall og restavfall:** veke 22: torsdag 02.06.
- **Papir og plast:** veke 24: tysdag 14.06.
- **Matavfall og glass/metal:** veke 24: torsdag 16.06.
- **Matavfall og restavfall:** veke 26: torsdag 30.06.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (28.05.)

Syrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.05.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Hovudmålet med sykkelturen er å setje lys på meirverdien av å føle seg til nytte i samfunnet, og oppleve gode relasjonar i kvardagen. Turen går frå Nordkapp til Arendalsveka, frå 21. mai til 15. august 2022. Dag-Otto Lauritzen er ein av våre stolte ambassadørar.

Sykkelturen er delt opp i fleire deletappar, og kvart fylke har fått 7 etappar. Ein av etappane går frå Bygland til Evje og Hornnes langs R9, og er den einaste etappen i Setesdal og indre Agder!

Vi ønsker at dette skal bli ein festdag langs R9 til Evje, og me samarbeider med Evje og Hornnes Frivilligsentral for å dette til. Norges Frivilligsentralar kjem med 6 Rickshawsyklar som skal syklast på denne etappa. I tillegg har kommunane til saman, 4 rickshawsyklar sjølve.

Etappa vår går den 8. August. Med stor oppslutning og god pressedekning vil 8. august bli ein dag for å få vist fram ikkje berre den flotte naturen langs R9, men også eit mangfald av aktivitetar på tvers av generasjonar, kulturar og samfunnslag. Engasjement frå både born, unge, eldre, privatpersonar, lag og foreningar blir tatt godt i mot. Til no har vi om lag 17 ulike organisasjonar som har meldt seg på med ulike aktivitetar langs ruta. Ruta vil bli delt inn i etappar, og det vil vere noko som skjer i kvar grend frå Bygland til Evje. Start er ved Bygland Frivilligsentral, og mål er ved Hornnes hjelpefengsel.

Vi treng frivillige til å vere pilotar på rickshaw-syklane, og nokre til å sitte på (passasjerar). Det kan gjerne vere born, unge eller eldre som av ulike grunnar elles ikkje får sjansen til å vere i aktivitet. Dette er ein kosetur, ikkje trimtur. Difor treng ein ikkje vere spesielt sprek! Ikkje berre det, vi vil også ha med andre som vil sykle med oss denne dagen. Du kan nytte elsykkel eller vanleg sykkel. Vi har fleire elsyklar til utlån denne dagen, dersom du ikkje har sjølv! Ein kan vere med å sykle ein etappe eller fleire, det vel du sjølve.

Vi treng også nokre som vil vere med i eit såkalla etappeteam. Dette teamet vil samarbeide overordna knytt til førebuing til arrangementet, og ha ei ledande rolle på etappedagen. Det gjeld ansvar for mat og drikke, for spesille ting når det gjeld syklistane, for sikkerheit osv.

Dersom DU vil vere ein del av denne store dagen kan du melde di interesse på: frivillig.no/bygland-frivilligsentral/bli-med-pa

oppfriskingsdose (dose 3). Ein ny dose no vil ikkje utelukke eit behov for ytterlegare oppfriskingsdose til hausten når ein forventar auke i smitten.

Oppfriskingsdosar til personar med alvorleg nedsett immunforsvar

Personar med alvorleg svekka immunforsvar blir tilrådd 3 dosar i grunnvaksinasjonsserien i tillegg til ein oppfriskingsdose 3 månader etter dose 3. For denne pasientgruppa er det framleis mange som ikkje har tatt den tilrådde oppfriskingsdosen (dose 4). Det er difor viktig at fleire gjer det, for å minke risikoen for alvorleg koronasjukdom.

I tillegg er det opna for at enkelte personar med alvorleg svekka immunforsvar, etter individuell vurdering av behandlande lege, kan bli tilbydd ytterlegare ein oppfriskingsdose. Dersom det er aktuelt med vaksinasjon av personar med alvorleg svekka immunforsvar utover dei 4 dosane som er tilrådd, er det opp til behandlande lege å vurdere kva vaksine og kva doseintervall det er mest føremålstenleg å bruke. For å oppnå effekt av ein oppfriskingsdose blir det tilrådd eit intervall på minimum 3 månader frå førre dose.

Plan, miljø og ressurs

GNIST: Byggearbeidet ved rv9 på Bygland

Det blir for tida fylt på med masse og arbeid med å tilrettelegge det som tidlegare vart kalla «Sumpen» på Bygland. Området mellom riksveg 9 og fjorden ved Bygland sentrum blir opparbeid med tanke på næring eller ein kombinasjon av næring og bustad. Det er næring knytt til varehandel og/eller reiseliv kommunen har i tankane for ei eventuell etablering.

Det skal bli rundkøyning i krysset ved Bygland kyrkje, og det vil bli avkøyning frå riksveg 9 til området. Det vil vere positivt for trafikkbiletet, og gjere Presteneset meir tilgjengeleg for mjuke trafikantar.

Tomta på Presteneset er no under arbeid, og kjem til å vere sjåande slik ei tid framover. Budsjettet for prosjektet er på 1,2 millionar kroner. Sidan området har noko ustabil grunn, vert det lagt på ei overfylling for å



Setesdølen, 31.05.2022, s. 6

stabilisere. Det blir følgt opp med kontrollmålingar over tid for å sjå at det er stabilt.

Private aktørar må gjerne melde interessa si og kome med ideane sine. Det har alt kome signal frå nokre interesserte, men vi vil gjerne høyre frå fleire.

I reguleringsplanen er det lagt opp til bustadtomter langs fjorden sørover ved prestegarden, og her vil det også vere opent for utbyggjarar å melde si interesse.

Målet er å skape eit område som tar vare på dei gode kvalitetane som alt er i området med brygga, museet og prestegarden.

Innovasjonsprosjektet Gnist som vil skape det gode livet rundt Byglandsfjorden, er eit prosjekt som Bygland kommune starta saman med Setesdal vekst. Målet med prosjektet er å legge til rette for stad- og næringsutvikling i kommunen saman med innbyggjarane og næringslivet. Agder fylkeskommune er også ein god samarbeidspart i prosjektet.

Det har vore ein ny måte å arbeide på, som ein ynskjer å vidareføre i utviklinga av kommunen. Det har vore godt samarbeid mellom innbyggjarane og kommunen gjennom fleire medverknadsprosessar. I alle medverkinga frå innbyggjarane har det vore attraktive bustadtomter langs fjorden og tilrettelegging for næringsliv som har blitt nemnd mest.

Målet for Presteneset er også å få eit område som gjer at reisande stoppar opp i Bygland, og at det vil føre til meir besøk også til sentrum på andre sida av riksvegen.

Drift og Forvaltning

Sommarjobb for skuleungdom 2022

Frå og med 27.06. t o m 8.07.2022 vil det vere 12 skuleungdomar i sommarjobb ved eininga. Dei vil bli synlege rundt forbi i kommunen med måling av bygningar, på grøntanlegga og med diverse anna.



2 ungdomar er også engasjert med å rydde søppel og krypsiv i Åraksfjorden med Olav Øygarden som arbeidsleiar.

Hogst Nesmoen

I løpet av året vil det bli gjennomført hogst og vegetasjonsrydding på kommunen sitt næringsareal på Nesmoen. AT – skog vil stå for

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

Andre aktivitetane:

- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 07. og 21.06.)**
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral **(neste 14.06.)**
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 02. og 16.06.)**
- **Laurdagsklubb:** ein gang per måned kl. 18.00-21.00. 5.-10.klasse, Årdalshallen **(neste 04.06.)**

Bygland ungdomsklubb

(ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

(6. og 7. klasse kan halde fram til neste skuleår)



1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) – **neste 17.06.** og

lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen) – **neste 18.06.**

2022 er Frivillighetens år – Sykkeltur

2022 – på Bygland 8. august

Norges Frivilligsentralar inviterer i samarbeid med ei rekke andre organisasjonar til ein sykkeltur gjennom heile landet! Saman skal vi sykle, for å skape gode og inkludarende lokalsamfunn.



17. mai fest på Byglandsfjord

Takk til 17. mai komiteen som arrangerte med strålende fest i og rundt Årdalshallen! Takk til alle for ein fantastisk dag! ☺



Bilete: Lina Elwers

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 05.06. kl. 14.00, konfirmasjons-gudsteneste, Årdal kyrkje, Grendi
- søndag 19.06. kl.12.00 Friluftsgudsteneste Tveitå, Tveitå på vestsida av fjorden



Ingen informasjon om **andaktar** på Byglandsheimen i juni.

gjennomføringa. Målet med hogsten er å gjere kommunen sine næringsareal meir synlege.

Byglandsfjord stasjon

Arealet rundt stasjonsbygningen har fått ein oppfrisk. Ein flott dugnadsgjeng legg ned ein formidabel innsats med å stelle bedd og rydde i vegetasjon. Det blir også planta diverse stauder og andre planter som var på stasjonsområdet i eldre tider. Gunnar Gautland har vore engasjert eit par dagar med ulikt maskinarbeid som pyntar opp. Det har kome ny grus og rotvelter er fjerna. Det er tinga sittebenkar til området og det blir jobba med å få eit nytt skilt på Byglandsfjord stasjon. Slik det var da han var i drift. Utføringa av dei ulike tiltaka skjer med utgangspunkt i utarbeidd moglegheitsstudie som blei laga i 2021.

Grøntanlegga / kyrkjegardane

Tida me er inne i utfordrar kapasiteten til å greie å halde alle grønntanlegga godt klypte og fine nok til ei kvar tid. I nokre tilfelle må vi prioritere mellom arealet. Dei 6 kyrkjegardane våre er dei områda vi søker å prioritere. Det er også engasjert ein sommarvikar i heile juli som vil ha grønntanlegg som prioritert oppgåve.

Kultur

Ny tilskotsordning til mangfald- og inkluderingsstiltak i idrett og fysisk aktivitet

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar ei ny tilskotsordning som skal legge til rette for auka deltaking i idrett og fysisk aktivitet for alle barn og unge. Ein kan gje tilskot til prosjekt eller eingongsutgifter.



Søknadsfrist

Det er opna for søknadar og søknadsfristen er 13. juni kl. 13.00

Kven kan søke?

Det er frivillige lag og organisasjonar, kommunale fritidsklubbar eller ungdomshus som kan søke tilskot. Idrett og fysisk aktivitet kan vere både organisert idrett og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, som til dømes friluftsliv

Målgrupper for ordninga:

- Barn og ungdom frå 6 - 19 år i familiar med vedvarande låginntekt
- Jenter med minoritetsbakgrunn frå 6 til 19 år, og jenter frå 6 til 19 år generelt i samanhengar der jenter er underrepresentert eller opplever særskilte barrierar
- Personar med funksjonsnedsetting. Denne målgruppa er ikkje aldersavgrensa
- Noverande og framtidige unge leiarar og trenarar, opp til 26 år, som er jenter/kvinner, personar med funksjonsnedsetting eller personar med minoritetsbakgrunn

For meir informasjon og søknadsskjema: **Lotteri- og stiftelsestilsynet**, lottstift.no/for-frivilligheten/mangfold-og-inkludering/

Oppvekst

Sommarferie 23.06.-17.08.

GOD FERIE! 😊

SOMMARLES 2022

BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN

I SOMMAR! 🚀

Frå 1. juni til 31. august kan du som går i 1. til 7. klasse delta på Sommarles.no

Sommarles gjer lesing endå gøyare, og det er heilt gratis å vere med! Du lagar ein profil på Sommarles.no, registrerer bøker, får lesetips, løyser oppgåver og kan følge med på kva vennene dine les. Her kan du også lese ei superspennande forteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Har du ikkje tilgang til nett, kan du delta med eit lesekort. Spør på biblioteket!

Sommarles er for alle. For kvar bok du legg inn, får du XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Du kan lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriar, eller nokon kan lese høgt for deg - all lesing tel. Og sjølvstelt har vi premiar! Når du registrerer bøker du har lese, får du digitale trofé til profilen din på nettsida, og du kan hente premiar på biblioteket i løpet av sommaren.

For å bli med på Sommarles.no går du inn på nettsida frå 1. Juni og lagar deg ein eigen profil saman med ein vaksen. Ein føresett må godkjenne at du skal delta, og de må bruke e-postadressa til den føresette ved registrering. Viss de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg! God sommar med Sommarles.no!

Link til videoen "BLI MED PÅ SOMMARLES 2022"

<https://www.youtube.com/watch?v=6hdCMiYA58E>



Ymse frå skulen

8. mai-markering i Bygland

Fredag 6. mai var born frå barnehagen og skulen på Bygland på markering på Knutsbakk. Ved Knutsbakk var det tale, kransenedlegging og song. Barna besøkte og gravene til dei engelske flygarane på kyrkjegården.

Alle bilete: Hege Jore Gakkestad



Tur til flyvraket og tur til varmesentralen på Bygland



Folkemusikkdagen

Torsdag 16. juni kl. 10.00 markerer Bygland skule folkemusikkdagen med konsert på Byglandsheimen.

1.-4. klasse bidrar med kveding. 5.-7. klasse dansar gangar.

Velkomen alle interesserte!